

Ingunn Bårtvedt Skjerdal

Fra: Stine Lise Espeland <Stine.Lise.Espeland@sveio.kommune.no>
Sendt: fredag 3. mai 2024 12:23
Til: Ingunn Bårtvedt Skjerdal
Kopi: Bente Marie Johansen
Emne: Sv: Kommuneplan Sveio i Regionalt Planforum
Vedlegg: Planstrategi 2016-2019 og planprogram for kommuneplanen 2019-2031 (1).pdf; Bestillingsskjema planforum VLFK.docx

Det er ikke ofte du mottar e-post fra stine.lise.espeland@sveio.kommune.no. [Finn ut hvorfor dette er viktig.](#)

Hei Ingunn!

Sender over bestillingsskjema for planforum, samt planprogrammet frå 2016.

Me har fått utarbeid ei digital innsynsløysing til arbeidet med kommuneplanen. Her er arbeidet som til no er utført lagt ut, saman med beskrivingar av kva dette inneber. Retningsliner til planarbeidet, samt vedteken senterstruktur er å finne under "innleiing" i innsynsløysinga.

[Den digitale innsynsløysinga finn de her.](#)

ABO Sveio kommune - revisjon av kommuneplanen sin arealdel
PLAN & ARKITEKTUR



Ved å klikke på "Adm. forslag til endring" (*sjå skjermdump over) vil de koma til digitale temakart med forslag til endringar i plankart. Der er det lagt inn kva endringar som er tilrådd gjennom KU vurderingane samt lokale vurderingar for samfunnsutvikling av Sveio. Her vil de også finna rapportane

for konsekvensutgreiingane, samt rapportar med gjennomgang av arealføremål som i dag er gjeldande i kommuneplanen (arealreserve gjennomgang). Det er også gjort ein gjennomgang av gjeldande reguleringsplanar i kommunen, miljørevisjon av desse finn det også under denne overskrifta på innsynsløysinga (*sjå skjermdump under).

Arealreserve og miljørevisjon

Administrasjonen har gjort ei vurdering av eksisterande arealføremål for bustad, fritid, næring, LNF-spreidd og småbåthamn i kommuneplanen, om dei skal vidareførast, justerast eller takast ut. Bakgrunn for endringane er skildra i rapportane under.

- [Arealreserve i Sveio kommune, generell rapport](#)
- [Deltema: Bustadareal](#)
- [Deltema: Fritidsbustadareal](#)
- [Deltema: Næringsareal](#)
- [Deltema: LNF-spreidd](#)
- [Deltema: Småbåthamn](#)
- [Senterstruktur i Sveio kommune](#)

Det er også sett på eksisterande reguleringsplanar om dei skal vidareførast eller opphevast. Vidare for dei skal vidareførast, om dei skal gjelde uavhengig av KPA (H910) eller saman med KPA (#5). Bakgrunn for vurderingane er skildra i delrapport Miljørevisjon reguleringsplanar.

- [Miljørevisjon reguleringsplanar i Sveio kommune](#)

Fagleg tilråding KU


Konsekvensutgreiing av arealinnspel ligg i rapportane under. Dette er ei fagleg konsekvensutgreiing, og rapportane er kunnskapsgrunnlaget for Sveio kommune si tilråding for endringar i kommuneplankartet. Konsekvensutgreiinga er delt i delområde på landsida og ein eigen rapport for sjøområda for akvakultur og råstoffutvinning.

- [KU - Delområde 1 Valestrand](#)
- [KU - Delområde 2 Auklandshamn](#)
- [KU - Delområde 3 Førde](#)
- [KU - Delområde 4 Sveio](#)
- [KU - Delområde 5 Vikse](#)
- [KU - Akvakultur og råstoffutvinning](#)
- [Metode for fagleg konsekvensutgreiing](#)

NB: det digitale kartet med forslag til endringar i kommuneplanen sin arealdel er ikkje ferdig utarbeid. Nokre justeringar er no under arbeid, og vil ikkje vera ferdig oppdatert før 13.05.24.

Me ser fram til gode diskusjonar og dialog i planforum 21.mai.

Ønskjer de så ei fin helg i det flotte vestlands-vêret! 🌻



Sveio kommune - revisjon av kommuneplanen sin arealdel

FASE: Prosess forslag arealendringar i KPA

storymaps.arcgis.com

Vennleg helsing

Stine Lise Espeland

Samfunnsplanleggjar

Eining for Samfunnsutvikling

Mobil: 900 29 104

E-post: stine.lise.espeland@sveio.kommune.no



Sveio kommune

Telefon sentralbord: 53 74 80 00

www.sveio.kommune.no

postmottak@sveio.kommune.no

Fra: Ingunn Bårtvedt Skjerdal <Ingunn.Bartvedt.Skjerdal@vlfk.no>

Sendt: fredag 22. mars 2024 09:37

Til: Stine Lise Espeland <Stine.Lise.Espeland@sveio.kommune.no>

Emne: SV: Kommuneplan Sveio i Regionalt Planforum

Hei igjen Stine Lise,

Om regionalt planforum

På nettsidene våre finn de [informasjon om regionalt planforum for Vestland](#).

Møtedokument og fristar

Eg legg ved bestillingsskjema, fyll gjerne ut bestillingsskjemaet og send det til meg no eller send det inn saman med andre dokument de ønskjer å legge fram for planforum, vi vil også ha ei deltakarliste frå kommunen med namn og rolle for personane som deltek i møtet.

Møtet er på ein tysdag, og vi vil ha dokument inn seinast onsdagen to veker før møtet. Det er nokre raude dagar i mai, så vi får sjå an når møteinnkallinga vert sendt ut. Eg sender vanlegvis ut innkallinga fredag 11 dagar før møtet. Dokumenta som vert sendt inn på førehand vert lagt ut på heimesida til fylkeskommunen, dei er offentleg tilgjengeleg i perioden frå innkalling til møtet er sendt ut, til møtet er gjennomført. Dokumenta vert også lagt ved referatet til møtet, det vil seie at dei vert offentleg tilgjengelege.

Gjennomføring